



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 29.11.2017  
Vår ref.: 2017/15606-5  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Søknad om Onarheim kraftverk, Kvinnherad kommune - fråsegn

Hordaland fylkeskommune viser til brev dagsett 20.09.17 om søknad om Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune. Fylkesutvalet i Hordaland har i møte 22.11.17 fatta følgjande vedtak om fråsegn i saka:

1. Hordaland fylkeskommune rår til løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.

Viser elles til saksframlegg og protokoll i vedlegg.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:  
Lars Øyvind Birkenes

Arkivnr: 2017/15606-4  
 Saksbehandlar: Tale Halsør og Lars Øyvind Birknes

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utvale  | Saknr. | Møtedato   |
|---|--------|------------|
| Utvale for kultur, idrett og regional utvikling | 143/17 | 15.11.2017 |
| Fylkesutvalet                                   | 280/17 | 22.11.2017 |

#### Søknad om Onarheim kraftverk, Kvinnherad kommune - fråsegn

##### Samandrag

Onarheim kraftverk er planlagt ved Husnes i Kvinnherad kommune og vil nytte eit fall på 349 m i Hellandselva. Inntaket er planlagt rett nedstraums utløpet av Bremstølvatn. Vassvegen på om lag 1900 m er planlagt som kombinert borehull og nedgraven røyrgate. Elva er i dag nytta som vassforsyning for SørAI og kommunen.

Tiltaket er i liten grad i konflikt med retningslinene i Fylkesdelplanen, men det er stor lokal motstand. Utbygginga vil få konsekvensar for friluftslivsverdiane i Hellandsvassdraget. Den øvre delen av tiltaksområdet er eit ope landskap der redusert vassføring og inntaksdam vil vere skjemmande element. Området er lokalt vurdert å ha svært stor verdi for friluftsliv og dette er den allmenne interessa som tydelegast råka i dette prosjektet.

##### Økonomi: Ikkje aktuelt

##### Klima:

- Tiltaket vil bidra til å auke produksjonen av fornybar energi, og slik indirekte kunne redusere utslepp frå fossil energibruk.
- Utbygging av vassdrag reduserer utvasking av jordsmonn og biologisk mangfold grunna auke i nedbørsmengder. Utbygde vassdrag har også utvida sin kapasitet for å føre vatn, og vil kunne redusere omfanget og førekomensten av eventuelle flaumar.

##### Folkehelse:

- Tiltaket vil redusere opplevingsverdien i eit populært og lett tilgjengeleg friluftsområde. Dette kan påverke folkehelsa negativt, gjennom mindre bruk av naturen til mosjon og rekreasjon. (jf. Folkehelseplanen delmål 2.2., strategi 2E).
- Inntaket til vassverket ligg nedstraums planlagt utløp for kraftstasjon. I anleggsperioden vil vatnet i elva kunne ha med sprengstoffrestar, slam og anna som kan redusere kvaliteten på drikkevatnet.

##### Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

## Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 15.11.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Sunnhordland Kraftlag AS (part i saka).
- Sigbjørn Framnes (Frp) er vara for Benthe Bondhus i Sunnhordland Kraftlag AS. Han har ikkje møtt som vara.
- Anne Beth Njærheim (V) er nestleiar i styret for Finnås kraftlag, som eig 10 % av Sunnhordland Kraftlag AS.
- Anne Gine Hestetun (A) er styremedlem i BKK, som også er deleigar av Sunnhordland Kraftlag AS.
- Mona Røsvik Strømme (H) er vara for Anne Gine Hestetun i styret for BKK. Ho har møtt i styret.

Benthe Bondhus, Sigbjørn Framnes, Anne Beth Njærheim, Anne Gine Hestetun og Mona Røsvik Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Det var 10 representantar til stades.

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø leidde møtet.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at

- Benthe Bondhus var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.
- Sigbjørn Framnes ikkje var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

- Anne Beth Njærheim, Anne Gine Hestetun og Mona Røsvik Strømme ikkje var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Benthe Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka.

Sigbjørn Framnes, Anne Beth Njærheim, Anne Gine Hestetun og Mona Røsvik Strømme tiltredde saksbehandlinga.

Det var 14 representantar til stades.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG, V og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Av omsyn til naturkvalitetar og friluftsinteresser rår Hordaland fylkeskommune frå å gi løyve til å byggje Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Dersom tiltaket får løyve må avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.»

### Røysting

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (MDG, V og SV) og fall.

Innstillinga fekk 11 røyster (A, KrF, H, Frp) og vart vedteken.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til løyve til å byggje Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Lenke til søknad: <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201406675/2169422>

Fylkesrådmannen, 19.10.2017

## 1. Innleiing

Sunnhordaland Kraftlag AS ønskjer å bygge Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer. Søknaden er på høyring frå NVE med frist 3.12.17. Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med sakshandsamar i Kvinnherad kommune, og fått ei kort skildring av lokale innspel.

## 2. Prosjektet

### 2.1. Områdeomtale

Hellandselva ligg i Husnes i Kvinnherad kommune. Elva har utspring i fjellet, og renn gjennom fleire vatn og under Rv48 før ho renn ut i Opsangervatnet, som munnar ut i Husnesfjorden. Dalen er lite markert i landskapet og det er mykje tett skog. Elva er markert i nokre mindre landskapsrom eit stykke oppe i dalen, der landskapet er brattare enn i nedre delar. Hydro og Kvinnherad kommune nyttar vassdraget til vassforsyning, og har rett til å regulere Svartavatn, i øvre delar av vassdraget. Det er allereie etablert eit mikrokraftverk i tiltaksområdet. Det er elles ein del infrastruktur i heile tiltaksområdet.



Figur 1 Plassering av tiltaksområde for Onarheim kraftverk

### 2.2. Prosjektskildring

Onarheim kraftverk vil nytte eit fall på 349 m i Hellandselva frå inntak på kote 459 til kraftstasjon på kote 110. Inntaket er planlagt rett nedstraums utløpet av Bremstølvatn. Vassvegen på om lag 1900 m er planlagt som kombinert borehull og nedgraven røyrgate. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av eksisterande veg frå fylkesveg 48. Røytrasé frå kraftstasjonsområdet til tunnelpåhugg vert nytta som mellombels tilkomstveg i anleggsfasen. Inntaket skal byggast veglaust. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 8,9 MW og vil etter planane gje ein produksjon på 28,9 GWh årleg. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1850 m lang elvestrekning i Hellandselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 200 l/s i sumarsesongen og 85 l/s som vinteren.

### 3. Verknad for natur og samfunn

For småkraftverk er det krav om at ein rapport om biologisk mangfald og hydrologi er lagt ved søknaden. Utover dette er det ikkje gjort faglege utgreiingar som del av søknaden. I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden og den vedlagde rapporten om biologisk mangfald.

#### 3.1. Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområda. Det er kjent kulturminne frå nyare tid i nærområdet.

#### 3.2. Landskap

Landskapet er prega av industri og busettnad i nedre delar og skogkledde lier opp mot snaufjell. Elva er lite markert i nedre delar, medan det blir brattare mot øvre delar av tiltaksområdet. Bremstølsvatnet, der inntaket vil vere, ligg i eit avgrensa flatt parti med knausar og bratte fjell til fleire sider. Fosseberget ved Tungene og eit ope, skritt parti rett nedanfor Bremstølsvatnet er to unntak, der elva er eit godt synleg landskapselement frå busettaden på Husnes. Det er tekniske inngrep i elva, gjennom eksisterande mikrokraftverk og vassuttak. Landskapet er vurdert å vere typisk for regionen med normalt gode kvalitetar.

Terrenginngrep er vurdert å bli godt synleg frå busettaden på Husnes og kring Opsangervatnet, i og like etter anleggsperioden. Revegtering vil gjere inngrepa mindre synlege på sikt, men særleg i høgareliggende strøk vil det ta tid før vegetasjonen er på plass. Negativ verknad på landskapet grunna redusert vassføring blir dempa av tett skog inntil elva.

Konsekvensen av tiltaket er vurdert å vere *middels negativ*.

#### 3.3. Biologisk mangfald

Fossekall, linerle og kanskje vintererle er knytt til elva, og kan påverkast negativt av tiltaket. Verknaden er vurdert til middels negativ for fossekall og eventuelt vintererle. Det er ål i Opsangervatnet, og denne vandrar truleg til nedre delar av elveløpet. Verknaden av tiltaket på ål er vurdert til ubetydeleg.

Tilnærma heile tiltaksområdet er skogdekt, med vanlege vegetasjonstypar og artar. I elvestrengen er det ein artsrik, men vanleg flora av lav- og mose. Det er registrert ein verdifull naturtype: fossesprøytsone i Tungene med C-verdi. Redusert vassføring vil kunne føre til reduksjon i mengda lav- og moseartar, og auka attgroing i elvekantsonen. Vassføringsreduksjonen blir vurdert å vere middels negativ for lokaliteten. Fugle- og pattedyrfaunaen er vurdert å vere representativ for distriktet. Tiltaksområdet inngår i beiteområde for hjort. Tiltaket vil føre til midlertidig tap av leveområder for dyr og fuglar og uro grunna støy frå anleggssarbeidet.

Konsekvensen av tiltaket for biologisk mangfald er vurdert å vere *liten negativ*.

#### 3.4. Fisk og ferskvassbiologi

Nedre del av elva er gytte- og oppvekstområde for sjøaure. Dette er nedanfor kraftstasjon og utløp av vatn. Det er ikkje venta at tiltaket vil påverke bestanden, då det er planlagt installert forbisleppingsventil. På råka strekning av elva, er det ikkje eigne fiskebestandar, men aure kan sleppe seg ned frå innsjøar lenger oppe i vassdraget. Det er ål i Opsangervatnet og truleg i nedre delar av elva, men det er ikkje venta at tiltaket vil få konsekvensar for denne arten. «Elveløp» er vurdert å vere ein nær truga naturtype. Inngrep i elva fører dimed til at tiltaket får dimed middels negativ konsekvens for akvatisk miljø, men dette er ikkje knytt til konsekvensar for fisk, men til verdisettinga av naturtypen.

Tiltaket er vurdert å få *middels negativ konsekvens* for fisk og ferskvassbiologi.

### 3.5. Samfunn og andre brukarinteresser

Oppstraums kraftverket er Svartavatn regulert for å sikre vassforsyninga til vassverket. Inntaket til vassverket, som forsyner 7 000 personar i tillegg til prosessvatn til smelteverket, er nedstraums utløpet til planlagd kraftverk. Konsekvensen for vassforsyninga under sjølve anleggsfasen vil kunne bli negativ, med tanke på sprengstoffrester og slam i vatnet. Tiltakshavar foreslår å flytte inntaket til vassforsyninga midlertidig under anleggsfasen for å hindre slike hendingar. Det er planlagt forbisleppingsventil i utløpet for å sikre vassforsyninga i driftsfasen.

Madalen mikrokraftverk har inntak nedstraums planlagt inntak til Onarheim kraftverk. Utbygginga vil difor redusere produksjonen i mikrokraftverket frå dagens 0,82 GWh/år til 0,49 GWh/år. Eigarane av mikrokraftverket skal kompenserast for tapet.

Området er eit mykje nytta turområde. Det er eit godt løypenet i området, som vert nytta til tur, bærplukking, jakt og fiske. Røygata vil følgje ein traktorveg og eit tråkk på nordsida av elva, og dimed ikkje påverke merka stiar eller naturopplevinga etter anleggsfasen er avslutta. Fråføring av vatn vil redusere rekreasjonsopplevinga langs elva, men ikkje redusere fiske eller vassbasert friluftsliv.

Konsekvensen av tiltaket for andre brukarinteresser er vurdert til *middels* negativ.

Kraftverket vil produsere 29 GWh, tilsvarande forbruket til 1 450 bustadar. Fallrettseigarar vil få inntekter frå tiltaket og kommunen aukar sine skatteinntekter marginalt. Det er venta noko sysselsetting og lokal omsetting.

Konsekvensen av tiltaket for samfunnet er vurdert å vere *liten* positiv.

## 4. Vurdering og tilråding

I det følgjande er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Hordaland fylkeskommune har vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk som ligg til grunn for vurderingane. I tillegg til delplanen har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av landskap<sup>1</sup> og av friluftsområde<sup>2</sup> i Hordaland, som også er nytta i vurderingane.

### 4.1. Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket er vurdert av Hordaland fylkeskommune som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområda. Det er kjent kulturminne frå nyare tid i nærområdet. Vårstølen Luren ligg nord for området der borehol går over til nedgraven trykkrøy, men tiltaket held god avstand. Det tidlegare alternativ 2 er ikkje lenger aktuelt, så då forsvinn konfliktpotensial med Sunsstølen. Når det gjeld stølsvegen, så ser det ut frå flyfoto at det frå overgangen borehol/røygata og nedover er eit mindre strekk som i dag ikkje er opparbeidd som skogsveg/traktorveg. Dersom ein må krysse stølsvegen så skal det gjerast i plan med denne.

Utbygginga råkar elles ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn sers lite. Det vert difor ikkje stilt krav om arkeologisk registrering. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

### 4.2. Landskap

<sup>1</sup> Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland naturverkstad, 2011.

<sup>2</sup> Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland. 2008. I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.

I «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke» er området klassifisert som eit vanleg førekommande landskap av typen «Ytre fjordbygder på Vestlandet». I fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland ligg tiltaksområdet i eit fjordlandskap av middels verdi. Det er ikkje registrert store landskapsverdiar i dette området, som tiltaket vil vere i konflikt med. Røyrgate, etablering av inntaksdam, anleggsvagar og fråføring av vatn vil vere dei viktigaste endringane i landskapet. For å redusere konflikt med landskapsverdiar er det planlagt borehol i øvste del av tiltaksområdet, for å unngå inngrep frå etablering av røyrgate.

#### **4.3. Biologisk mangfald**

I tiltaksområdet er det i følgje biologisk rapport registrert to naturtypar av verdi, ein fossesprøtsone med lokale verdi og eit elveløp med middels verdi. Då det ikkje er gjort funn av truga artar i elva og lokalitetane har låg verdi fell ikkje vurderingar av lokalitetane inn under retningsliner i Fylkesdelplanen.

I følgje rapport om biologisk mangfald lev fossekall, linerle og truleg vintererle i elva. Utbygginga vil redusere levetilhøva for fuglane. Fylkesdelplanen har følgjande retningsline:

|    |  |
|----|--|
| R5 | <b>Biologisk mangfald</b><br>For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossekall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossekall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn. |
|----|--|

Fylkeskommunen har ansvar for forvalting av ikkje-truga, haustbare artar. Vi har ingen kommentarar til temaet utover det som kjem fram i søknaden.

Hellandsvassdraget er eit av vassdraga undersøkt i «Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøaure i utvalgte vassdrag ved Hardangerfjorden», utarbeidd av Rådgjevande biologer AS på oppdrag av Hordaland fylkeskommune. I følgje rapporten er elva anadrom, men utbygginga ligg eit godt stykke ovafor den aktuelle strekninga og vil truleg ikkje ha innverknad for anadrom fisk. Utbygginga påverkar i liten grad eller ingen grad desse. Totalt er det små konsekvensar for fisk.

#### **4.4. Brukarinteresser**

Området langs Onarheimselva er eit mykje nytta friluftsområde. I Fylkesdelplanen er det avmerka med middels verdi, medan ei nyare kartlegging av Kvinnherad kommune slår fast at området, kalla Bremstøl, er «svært viktig». Området er skildra som eit turområde mykje nytta av skulen og tilrettelagt med benkar. Verdisettinga er særleg knytt til at området er mykje brukt.

Fylkesdelplanen har følgjande retningsline:

|    |  |
|----|--|
| R7 | <b>Friluftsliv</b><br>Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein sökje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet. |
|----|--|

Området er ikkje verdsett med stor verdi i Fylkesdelplanen, men den nyare kartlegginga frå kommunen peiker på at det truleg er store friluftsverdiar her. Det er sterkt lokal motstand, mellom anna frå turlaget, mot utbygginga grunna friluftsinteressene særleg i øvste del av utbyggingsområdet. Det er starta ei gruppe for å arbeide mot utbygginga på facebook «Vern Bremstøl!».

Med tanke på verdiane området har for friluftslivet i Hordaland, slik det er skildra i friluftsområde-kartlegginga til Kvinnherad kommune og av dei lokale motstemmene, vil konsekvensen av større tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet vere stor.

Konsekvensane av utbygginga for friluftslivet er som skildra under tema «landskap». Det er i øvre del inntaksdam og fråføring av vatn frå elva som vil påverke opplevingskvalitetane og kjem i konflikt med friluftsinteressene i området.

## 5. Oppsummering og tilråding

For delområde Rosendal-Husnes står det følgjande i fylkesdelplanen:

**Rosendal-Husnes delområde** har stort potensial for småkraft. Området hører til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktpunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. (...)

Utbygginga vil få konsekvensar for friluftslivsverdiane i Hellandsvassdraget. Den øvre delen av tiltaksområdet er eit ope landskap der redusert vassføring og inntaksdam vil vere skjemmande element. Området er lokalt vurdert å ha svært stor verdi for friluftsliv og dette er den allmenne interessa som tydelegast råka i dette prosjektet. Tiltaket vil gje store, synlege inngrep i eit svært mykje nytta turområde og i tillegg vere til hinder for utøving av friluftsliv under anleggsperioden.

Tiltaket vil få konsekvensar for vasstilknytt fugl i vassdraget og vi rår til avbøtande tiltak for desse som kan kompensere for noko av den negative konsekvensen.

Verdisettinga for området i Fylkesdelplan for små vasskraftverk er middels for tema friluftsliv og fjordlandskap, tiltaket er difor i liten grad i konflikt med kartlagde regionale verdiar og blir heller ikkje fanga opp av retningslinene i planen. Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av verdisetting og retningsliner i vedteken regional plan til Onarheim kraftverk.